

2015

Rapport om svangerskapsavbrot for 2014

Register over svangerskapsavbrot
(Abortregisteret)

Mette Løkeland (redaktør)
Olaug Margrete Askeland
Bjug Bøyum
Marta Ebbing
Aase Gunn Mjaatvedt
Steinar Nilssen
Ingvei Seliussen

Rapport om svangerskapsavbrot for 2014

Register over svangerskapsavbrot
(Abortregisteret)

Utgjeve av Folkehelseinstituttet
Divisjon for epidemiologi
Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret)
Mars 2015

Tittel:

Rapport om svangerskapsavbrot for 2014

Forfattarar:

Mette Løkeland (redaktør)
Olaug Margrete Askeland
Bjug Bøyum
Marta Ebbing
Aase Gunn Mjaatvedt
Steinar Nilssen
Ingvei Seliussen

Rapporten kan lastast ned som pdf
på Folkehelseinstituttet sin nettstad: www.fhi.no

Design:

Per Kristian Svendsen

Layout omslag:

Unni Harsten

Foto omslag:

Colourbox.com

Trykk:

Folkehelseinstituttet

ISSN 1891-6392

Innhold

1. Innleiing	4
2. Datagrunnlaget	5
3. Kvalitetssikring	5
4. Kommentar til statistikken for 2014	6
5. Figurar og tabellar	8
Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinna sin alder 2005-2014	8
Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sin alder 1980-2014	8
Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke 2010-2014	9
Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke 2010-2014	10
Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinna sitt bustadsfylke 2010-2014	11
Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinna sin alder i 2014	12
Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2007-2014	12
Figur 2. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19 og 20-24 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2014	13
Figur 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke for utvalde fylke (dei tre med lågast rate og dei tre med høgast rate) i 2014	13
Figur 4. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 2007-2014	14
Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2007-2014	15
Tabell 8. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2014	16
Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2014	17
Figur 5. Nemndbehandla begjæringar ¹ og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2005-2014	17
Figur 6. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2005-2014	18
Figur 7. Begjæringar og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2005-2014	18
Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2005-2014	19
Figur 8. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2005-2014	19
Figur 9. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova §2, tredje ledd bokstav c	20
Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova	20
Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2014, vedtak i primærnemnd	21
Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2014, vedtak i klagenemnd	21
Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke i 2014	22
Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2014	23
APPENDIX A. Lover og forskrifter	24
APPENDIX B. Om statistikken	25

1. Innleiing

Det føreligg statistikk over talet på begjæringar, tal på innvilga begjæringar i nemnd og tal på utførte svangerskapsavbrot i Noreg sidan 1979. Statistisk sentralbyrå hadde ansvaret for [abortstatistikken frå 1979 til og med 2005](#).

Frå og med 2006 har [Folkehelseinstituttet](#) vore ansvarleg for statistikken, og frå og med 2008 ansvarleg for databehandlinga av [Register over svangerskapsavbrudd](#) (Abortregisteret).

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Abortregisteret er regulert i [abortregisterforskrifta](#) med heimel i [helseregisterlova](#) § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

Denne rapporten viser endelege tal over begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2014.

2. Datagrunnlaget

Folkehelseinstituttet mottar opplysningar som er bestemt i abortregisterforskrifta § 1-7. Opplysningane vert sendt i elektroniske meldingar frå alle meldepliktige helseinstitusjonar, det vil seia alle sjukehus som utfører svangerskapsavbrot.

Meldingane som gjeld sjølvbestemte svangerskapsavbrot (innan utgangen av 12. svangerskapsveke), inneheld aidentifiserte personopplysningar, administrative opplysningar og medisinske opplysningar.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot (etter utgangen av 12. svangerskapsveke), er i utgangspunktet personidentifiserande og omfattar i tillegg til opplysningane nemnd over, opplysningar om indikasjon for svangerskapsavbrotet og om vedtak gjort i nemnd.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter [abortlova](#) § 2, tredje ledd, bokstavane a, b, d, og e, eventuelt kombinasjonar av desse bokstavane, vert aidentifisert etter kvalitetssikringa, og etter det lagra aidentifisert.

Meldingane som gjeld nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, bokstav c vert registrert personidentifiserbart i [Medisinsk fødselsregister](#) med heimel i [Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#) § 1-2, første ledd nr. 3. Spesifiserte opplysningar om patologiske tilstandar/medfødde misdanningar i desse tilfella inngår ikkje i abortstatistikken, men i [statistikken for Medisinsk fødselsregister](#).

3. Kvalitetssikring

Meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot vert registrert og lagra fortløpande i Abortregisteret ved Folkehelseinstituttet.

Kvalitetssikringsrutina omfattar kontroll av at meldingane inneheld alle opplysningar som er relevante og nødvendige for å oppnå føremålet med registeret, jf. abortregisterforskrifta § 1-7, andre ledd. Dersom nokre av dei obligatoriske opplysningane manglar, eller ved meldefeil, tar ein kontakt med dei enskilde helseinstitusjonane for å komplettere og/eller korrigere meldingane.

Som ledd i kvalitetssikringa av Abortregisteret, og for å gjera abortstatistikken meir tilgjengeleg, har Folkehelseinstituttet i løpet av 2013-2015 gjennomgått dei ulike historiske datasetta og samla alle data frå 1979 til og med 2014 i ein database. Det medfører små justeringar i tidlegare rapporterte tal.

4. Kommentar til statistikken for 2014

I 2014 vart det sendt inn 15 880 begjæringar om svangerskapsavbrot og utført 14 061 svangerskapsavbrot i Noreg. Dette er 714 (5 %) færre svangerskapsavbrot enn i 2013 (Tabell 1).

Abortrata er fallande for alle aldersgrupper; frå 12,5 i 2013 til 11,8 per 1 000 kvinner i fertil alder (15-49 år) i 2014. Oslo, Finnmark og Troms er som tidlegare år dei fylka med flest svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner; 16,2 i Oslo, 14,6 i Finnmark og 14,0 i Troms. Rogaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane hadde dei lågaste ratene for svangerskapsavbrot; med 8,3 per 1 000 kvinner i Rogaland, 8,9 i Møre og Romsdal og 9,1 i Sogn og Fjordane (Tabell 2).

Talet på svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år¹ er historisk låge

Nedgangen i svangerskapsavbrot ein har sett blant dei yngste kvinnene sidan 2008 heldt fram frå 2013 til 2014; frå 10,1 til 9,6 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. For fyrste gong sidan registreringa starta i 1979 er rata under 10 per 1 000 kvinner i denne aldersgruppa. I år 2000 var talet 20,1 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år (Tabell 1).

Nordland hadde høgast førekomst av svangerskapsavbrot blant kvinner i aldersgruppa 15-19 år, med 13,9 per 1 000 kvinner, etterfølgt av Finnmark og Troms med 13,0 og 12,5 per 1 000 kvinner. Alle desse tre fylka hadde nedgang i abortrata for denne aldersgruppa frå 2013 til 2014. Lågaste førekomst av svangerskapsavbrot finn ein i Rogaland med 6,4 per 1 000 kvinner i alderen 15-19 år. (Tabell 3 og Figur 3).

Høgast førekomst av svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år

Det er framleis aldersgruppa 20-24 år (Figur 1) som har den høgaste førekomsten av svangerskapsavbrot, men og i denne gruppa har abortrata vore fallande dei siste åra, og den nærmar seg no rata for aldersgruppa 25-29 år. I 2014 var rata 21,8 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 20-24 år mot 24,5 i 2013 (Tabell 1).

Finnmark hadde høgast førekomst med 30,2 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner, medan Rogaland hadde lågast førekomst med 15,1 svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner i alderen 20-24 år. Oppland og Troms hadde den største nedgangen i førekomst i denne aldersgruppa frå 2013 til 2014; frå 28,8 til 20,3 avbrot per 1 000 kvinner i Oppland og 33,1 til 24,0 i Troms.

¹ Desse tala inkluderer tal for aldersgruppa under 15 år. I 2013 vart det utført 29 svangerskapsavbrot i aldersgruppa under 15 år; 4 blant 13 åringar og 25 blant 14 åringar.

Framleis auke i bruk av medikamentell behandling som avbrottsmetode

Medikamentell behandling har vore den mest brukte avbrottsmetoden sidan 2008 ved sjølvbestemte svangerskapsavbrot, og bruken har vore gradvis aukande for kvart år (Figur 4). I 2014 vart 84,4 % av dei sjølvbestemte avbrota gjennomført medikamentelt, medan andelen var 45,3 % i 2006 (Figur 4). Finnmarksykehuset Klinikkkirkenes (53,9 %), Nordlandssykehuset Vesterålen (55,7 %) og Sykehuset Østfold (57,5 %) har lågast bruk av medikamentell avbrottsmetode, medan Longyearbyen sykehus (0 %), Sørlandet sjukehus Arendal (2,3 %) og Ringerike sjukehus (2,4 %) har lågast bruk av kirurgisk avbrottsmetode (Tabell 8).

Sjølvbestemte og nemndbehandla svangerskapsavbrot

Dei fleste sjølvbestemte avbrot vert utført før 9. svangerskapsveke (78,7 %) (Tabell 8). Av alle utførte svangerskapsavbrot i 2014 var 13 515 (96,1 %) sjølvbestemte, og 546 (3,9 %) nemndbehandla (Tabell 9). Dei to sjukehusa med lågast forekomst av svangerskapsavbrot før 9. veke er St. Olavs Hospital (68,0 %) og Finnmarksykehuset Klinikkkirkenes (68,4 %) (Tabell 8). Blant universitetssjukehusa ligg Oslo universitetssykehus (85,1 %) og Haukeland universitetssjukehus (80,9 %) over landsgjennomsnittet for svangerskapsavbrot utført før 9. veke (Tabell 8).

Særskilt om nemndbehandla svangerskapsavbrot


Ei begjæring om svangerskapsavbrot etter utgangen av 12. svangerskapsveke vert handsama i nemnd; fyrst i ei primærnemnd, og dersom den gir avslag, skal primærnemnda straks sende vedtaket og dokumenta i saka til ei sentral klagenemnd, jf. abortlova § 8 andre ledd. Frå 15. februar 2010 har klagesakene vorte sendt til Den sentrale klagenemnda som vert administrert av Helsedirektoratet og er lagt til Oslo universitetssykehus.

Det vart utført 546 nemndbehandla avbrot i 2014, som er 88 (13,9 %) færre enn i 2013. Av dei utførte nemndbehandla svangerskapsavbrota i 2014 vart 528 (96,7 %) innvilga i primærnemnd og 18 (3,3 %) i Den sentrale klagenemnda (Tabell 9). Talet på avbrot innvilga etter abortlova § 2 tredje ledd bokstav c, dvs. grunna stor fåre for at barnet kan få ein alvorleg sjukdom som følge av arvelege anlegg, sjukdom eller skadelege påverknader under svangerskapet, har auka dei seinaste åra, men frå 2013 til 2014 har dette talet gått ned (Figur 8). Dei fleste av dei nemndbehandla avbrota vert utført før 18. svangerskapsveke (Figur 9).

Av dei 36 helseinstitusjonane som meldte om begjæring av svangerskapsavbrot etter 12. svangerskapsveke, vart 334 (61,2 %) handsama og utført ved 6 av desse institusjonane (Tabell 15).

5. Figurar og tabellar

Figur 1. Utførte svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner etter kvinna sin alder 2005-2014



Tabell 1. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinna sin alder 1980-2014²

År	Total mengd	Per 1 000 kvinner, etter alder							
		15-49 år	15-19 år	20-24 år	25-29 år	30-34 år	35-39 år	40-44 år	45-49 år
1980	13 488	14,5	22,4	22,1	16,2	13,7	11,3	6,8	0,8
1985	14 599	14,7	21,7	26,1	18,1	13,8	10,3	4,6	0,8
1990	15 552	14,7	20,1	28,6	21,8	14,3	10,0	3,6	0,5
1995	13 760	12,8	15,4	23,4	20,2	15,0	9,7	4,3	0,6
2000	14 675	13,7	20,1	28,0	20,1	15,3	10,8	3,7	0,3
2005	13 992	12,9	15,4	27,4	20,5	15,1	11,0	4,0	0,3
2010	15 739	13,8	14,1	29,2	23,1	16,9	11,7	4,4	0,4
2011	15 365	13,3	12,7	27,7	22,6	16,6	11,3	4,4	0,4
2012	15 233	13,1	11,4	26,6	22,6	16,5	11,6	4,2	0,4
2013	14 775	12,5	10,1	24,5	21,8	16,9	11,1	4,5	0,3
2014	14 061	11,8	9,6	21,8	20,7	15,9	11,4	4,2	0,4

² Tala avviker noko frå tidlegare rapportar grunna kvalitetssikring og samling av data i ein database utført i løpet av 2013-2015.

Tabell 2. Utførte svangerskapsavbrot etter kvinne sitt bustadsfylke 2010-2014

Fylke	2010		2011		2012		2013		2014	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	15 739	13,8	15 365	13,3	15 233	13,1	14 775	12,5	14 061	11,8
Østfold	821	13,5	803	13,0	765	12,3	685	10,9	734	11,6
Akershus	1 718	13,5	1 717	13,3	1 653	12,6	1 591	12,0	1 553	11,6
Oslo	3 004	18,6	3 022	18,3	3 078	18,2	2 870	16,7	2 827	16,2
Hedmark	531	13,1	513	12,6	462	11,3	522	12,8	488	12,0
Oppland	559	14,1	513	12,9	551	13,8	502	12,6	446	11,2
Buskerud	757	12,9	703	11,8	745	12,3	755	12,4	714	11,6
Vestfold	753	14,3	673	12,7	656	12,3	669	12,5	620	11,5
Telemark	505	13,6	512	13,7	478	12,8	487	13,0	453	12,1
Aust Agder	263	10,8	267	10,8	284	11,3	257	10,2	262	10,3
Vest Agder	449	11,3	418	10,4	400	9,8	403	9,8	385	9,3
Rogaland	1 094	10,6	1 062	10,1	1 052	9,8	1 066	9,8	920	8,3
Hordaland	1 367	12,1	1 381	12,1	1 263	10,9	1 271	10,8	1 240	10,4
Sogn og Fjordane	240	10,5	232	10,1	251	10,9	244	10,6	209	9,1
Møre og Romsdal	581	10,7	558	10,2	616	11,2	516	9,3	498	8,9
Sør Trøndelag	937	13,5	949	13,5	904	12,7	908	12,6	827	11,4
Nord Trøndelag	396	13,9	352	12,3	387	13,4	376	13,0	343	11,8
Nordland	760	14,8	708	13,7	710	13,7	695	13,4	660	12,7
Troms	643	17,9	591	16,3	567	15,5	540	14,6	518	14,0
Finnmark	297	18,0	323	19,5	301	18,0	303	18,0	247	14,6
Ukjend/Anna ¹	64		68		110		115		117	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinne sitt bustadsfylke 2010-2014

Fylke	2010		2011		2012		2013		2014	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	2 209	14,1	1 996	12,7	1 800	11,4	1 601	10,1	1 521	9,6
Østfold	116	13,5	119	13,6	89	10,0	80	8,9	85	9,4
Akershus	233	12,8	216	11,8	180	9,8	169	9,1	161	8,6
Oslo	245	17,6	216	15,4	200	14,1	145	10,2	168	11,6
Hedmark	75	12,2	68	11,1	59	9,7	64	10,7	69	11,7
Oppland	64	10,8	55	9,3	84	14,2	50	8,6	56	9,7
Buskerud	97	11,9	84	10,4	92	11,3	68	8,3	67	8,2
Vestfold	113	14,7	113	14,7	100	13,0	83	10,7	86	11,2
Telemark	92	16,6	79	14,3	68	12,4	57	10,4	58	10,7
Aust Agder	47	12,6	39	10,5	48	12,9	42	11,2	37	9,8
Vest Agder	58	9,6	66	10,9	60	9,8	54	8,8	53	8,6
Rogaland	164	11,2	143	9,7	139	9,3	138	9,1	97	6,4
Hordaland	211	13,4	207	13,2	142	9,0	151	9,5	132	8,3
Sogn og Fjordane	56	14,4	39	10,1	42	10,9	31	8,1	32	8,5
Møre og Romsdal	106	12,5	96	11,4	82	9,8	66	7,9	75	8,9
Sør Trøndelag	123	13,2	109	11,7	95	10,2	96	10,3	86	9,2
Nord Trøndelag	65	13,9	56	12,0	53	11,3	53	11,4	46	10,0
Nordland	155	19,2	134	16,5	115	14,1	118	14,5	112	13,9
Troms	118	22,6	88	16,8	81	15,5	88	17,1	64	12,5
Finnmark	67	27,0	64	26,2	62	25,3	41	16,7	32	13,0
Ukjend/Anna ¹	4		5		9		7		5	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 4. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 20-24 år etter kvinna sitt bustadsfylke 2010-2014

Fylke	2010		2011		2012		2013		2014	
	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000	Mengd	Per 1 000
Heile landet	4 475	29,2	4 414	27,7	4 362	26,6	4 078	24,5	3 643	21,8
Østfold	254	33,2	232	29,3	207	25,4	185	22,1	196	23,4
Akershus	437	29,9	453	29,5	435	27,5	405	25,1	332	20,4
Oslo	830	37,7	866	37,0	888	36,6	749	30,6	694	28,3
Hedmark	131	24,7	120	21,8	123	21,7	142	24,8	116	20,3
Oppland	170	32,1	147	26,8	149	26,6	165	28,8	118	20,3
Buskerud	204	27,4	189	24,7	186	23,8	189	24,0	193	24,5
Vestfold	236	34,1	202	28,9	193	27,2	186	26,1	166	23,4
Telemark	151	29,6	163	31,1	151	28,3	134	25,1	125	23,7
Aust Agder	77	23,6	75	22,0	82	23,5	78	22,1	73	20,5
Vest Agder	138	24,5	122	20,7	131	21,6	117	19,1	109	17,6
Rogaland	328	23,1	317	21,7	286	19,2	279	18,4	231	15,1
Hordaland	400	24,6	408	24,0	376	21,6	358	20,2	347	19,4
Sogn og Fjordane	52	15,8	74	21,7	83	23,8	62	17,8	56	16,2
Møre og Romsdal	167	21,8	163	20,7	183	22,8	140	17,3	154	19,1
Sør Trøndelag	295	28,7	284	26,4	258	23,0	262	22,9	217	18,8
Nord Trøndelag	101	25,1	106	25,6	111	26,3	112	26,1	89	20,4
Nordland	234	32,8	205	27,8	222	29,4	217	28,5	185	24,5
Troms	173	35,0	179	34,9	169	31,7	183	33,1	135	24,0
Finnmark	78	34,7	81	34,6	90	37,2	82	33,0	76	30,2
Ukjend/Anna ¹	19		28		39		33		31	

¹ Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner bussett utanfor Noreg.

Tabell 5. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og kvinne sin alder i 2014

Alder	Total mengd	Svangerskapslengde							
		Veke 0-6	Veke 7-8	Veke 9-10	Veke 11-12	Veke 13-18	Veke 19-21	Veke 22 og over	Ikkje oppgitt
Alle aldrar	14 061	4 659	5 978	2 161	719	408	124	11	1
15-19 år ¹	1 521	455	636	277	89	57	5	2	0
20-24 år	3 643	1 209	1 570	587	184	70	23	0	0
25-29 år	3 537	1 222	1 512	525	167	81	28	2	0
30-34 år	2 646	835	1 167	374	131	96	38	5	0
35-39 år	1 887	651	766	276	99	70	22	2	1
40-44 år	759	260	308	110	41	33	7	0	0
45-49 år ²	68	27	19	12	8	1	1	0	0


¹ Inkluderer tal for kvinner under 15 år (29 avbrot blant dei under 15 år).

² Inkluderer tal for kvinner over 49 år (2 avbrot blant dei over 49 år).


Tabell 6. Utførte svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde 2007-2014

År	Total mengd	Svangerskapslengde							
		Veke 0-6	Veke 7-8	Veke 9-10	Veke 11-12	Veke 13-18	Veke 19-21	Veke 22 og over	Ikkje oppgitt
2007	15 176	4 836	6 208	2 569	938	498	114	11	2
2008	16 131	5 270	6 586	2 641	1 009	503	111	7	4
2009	15 788	4 998	6 489	2 666	1 030	478	117	9	1
2010	15 739	5 067	6 478	2 576	969	521	108	20	0
2011	15 365	5 026	6 400	2 426	885	487	121	17	3
2012	15 233	4 958	6 324	2 413	888	501	141	8	0
2013	14 775	4 833	6 165	2 320	824	475	153	5	0
2014	14 061	4 659	5 978	2 161	719	408	124	11	1


Figur 2. Svangerskapsavbrot per 1 000 kvinner for aldersgruppa 15-49, 15-19 og 20-24 år etter kvinna sitt bustadsfylke i 2014



Figur 3. Utførte svangerskapsavbrot i aldersgruppa 15-19 år etter kvinna sitt bustadsfylke for utvalde fylke (dei tre med lågast rate og dei tre med høgast rate) i 2014



Figur 4. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode 2007-2014



Tabell 7. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot etter metode og svangerskapslengde 2007-2014

År	Total mengd	Svangerskapslengde																		Ikkje oppgitt												
		9 veker og under						10 veker						11 veker							12 veker						Over 12 veke ¹					
		Medikamentell			Kirurgisk			Medikamentell			Kirurgisk			Medikamentell			Kirurgisk				Medikamentell			Kirurgisk			Medikamentell			Kirurgisk		
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent				
2007	14 530	6 422	44,2	6 277	43,2	80	0,6	832	5,7	50	0,3	605	4,2	27	0,2	233	1,6	0	0,0	0	0,0	1	0,0	0	0,0	0	0,0	3				
2008	15 496	8 291	53,5	5 252	33,9	187	1,2	763	4,9	124	0,8	588	3,8	56	0,4	227	1,5	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	8				
2009	15 165	9 530	62,8	3 685	24,3	336	2,2	601	4,0	226	1,5	452	3,0	136	0,9	198	1,3	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	1				
2010	15 067	10 192	67,6	3 006	20,0	424	2,8	499	3,3	276	1,8	359	2,4	164	1,1	147	1,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0				
2011	14 723	10 614	72,1	2 397	16,3	400	2,7	441	3,0	272	1,8	263	1,8	178	1,2	155	1,1	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	3				
2012	14 576	10 769	73,9	2 25	14,6	450	3,1	351	2,4	320	2,2	256	1,8	196	1,3	109	0,7	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0				
2013	14 141	10 711	75,7	1 849	13,1	424	3,0	334	2,4	292	2,1	251	1,8	186	1,3	94	0,7	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0				
2014	13 515	10 583	78,3	1 563	11,6	390	2,9	262	1,9	279	2,1	194	1,4	148	1,1	95	0,7	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	0	0,0	1				


¹ I grensetilfelle vil sjukehuset kategorisere ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 8. Utførte sjølvbestemte svangerskapsavbrot per institusjon etter metode og andel avbrot utført før 9. svangerskapsveke i 2014

Helseinstitusjon	Total mengd	Medikamentell		Kirurgisk		8 uker og under	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle institusjonar	13 515	11 401	84,4	2 114	15,6	10 637	78,7
Akershus universitetssykehus	1 481	1 156	78,1	325	21,9	1 130	76,3
Bærum sykehus	500	441	88,2	59	11,8	417	83,4
Drammen sykehus	459	439	95,6	20	4,4	344	74,9
Finmarkssykehuset, Klinikk Hammerfest	145	125	86,2	20	13,8	118	81,4
Finmarkssykehuset, Klinikk Kirkenes	76	41	53,9	35	46,1	52	68,4
Førde sentralsjukehus	172	153	89,0	19	11,0	149	86,6
Haugesund sjukehus	261	250	95,8	11	4,2	204	78,2
Haukeland universitetssjukehus	1 081	1 029	95,2	52	4,8	875	80,9
Helgelandssykehuset Mo i Rana	99	85	85,9	14	14,1	85	85,9
Helgelandssykehuset Sandnessjøen	121	103	85,1	18	14,9	91	75,2
Kongsberg sykehus	131	113	86,3	18	13,7	113	86,3
Kristiansund sykehus	112	86	76,8	26	23,2	84	75,0
Longyearbyen sykehus	8	8	100,0	0	0,0	8	100,0
Molde sjukehus	107	65	60,7	42	39,3	84	78,5
Nordlandssykehuset Bodø	202	191	94,6	11	5,4	152	75,2
Nordlandssykehuset Lofoten	50	48	96,0	2	4,0	37	74,0
Nordlandssykehuset Vesterålen	88	49	55,7	39	44,3	65	73,9
Odda sjukehus	17	16	94,1	1	5,9	15	88,2
Oslo universitetssykehus Ullevål	2 344	1 766	75,3	578	24,7	1 995	85,1
Ringerike sykehus	165	161	97,6	4	2,4	131	79,4
St. Olavs Hospital	854	833	97,5	21	2,5	581	68,0
Stavanger universitetssykehus	676	651	96,3	25	3,7	487	72,0
Stord sjukehus	62	49	79,0	13	21,0	54	87,1
Sykehuset i Vestfold -Tønsberg	551	394	71,5	157	28,5	432	78,4
Sykehuset Innlandet Elverum	346	302	87,3	44	12,7	278	80,3
Sykehuset Innlandet Gjøvik	257	238	92,6	19	7,4	210	81,7
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	112	104	92,9	8	7,1	98	87,5
Sykehuset Innlandet Lillehammer	179	170	95,0	9	5,0	131	73,2
Sykehuset Levanger	212	185	87,3	27	12,7	160	75,5
Sykehuset Namsos	92	59	64,1	33	35,9	67	72,8
Sykehuset Telemark	374	323	86,4	51	13,6	306	81,8
Sykehuset Telemark- Notodden	28	17	60,7	11	39,3	20	71,4
Sykehuset Østfold	656	377	57,5	279	42,5	535	81,6
Sørlandet sykehus Arendal	218	213	97,7	5	2,3	188	86,6
Sørlandet sykehus Kristiansand	387	350	90,4	37	9,6	280	72,4
Universitetssykehuset Nord-Norge	396	368	92,9	28	7,1	285	72,0
Universitetssykehuset Nord-Norge Harstad	102	97	95,1	5	4,9	77	75,5
Universitetssykehuset Nord-Norge Narvik	68	59	86,8	9	13,2	49	72,1
Volda sjukehus	71	63	88,7	8	11,3	58	81,7
Voss sjukehus	63	43	68,3	20	31,7	50	79,4
Ålesund sjukehus	192	181	94,3	11	5,7	142	74,0


Tabell 9. Utførte svangerskapsavbrot etter type avgjerd 1980-2014

År	Total mengd	Sjølvestemt		Innvilga i primærnemnd		Innvilga i klagenemnd	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
1980	13 488	13 078	97,0	379	2,8	31	0,2
1985	14 599	14 243	97,6	347	2,4	9	0,1
1990	15 552	15 219	97,9	320	2,1	13	0,1
1995	13 760	13 434	97,6	325	2,4	1	0,0
2000	14 675	14 153	96,4	509	3,5	13	0,1
2005	13 992	13 411	95,8	573	4,1	8	0,1
2010	15 739	15 067	95,7	652	4,1	20	0,1
2011	15 365	14 723	95,8	626	4,1	16	0,1
2012	15 233	14 576	95,7	641	4,2	16	0,1
2013	14 775	14 141	95,7	620	4,2	14	0,1
2014	14 061	13 515	96,1	528	3,8	18	0,1

Figur 5. Nemndbehandla begjæringar¹ og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot 2005-2014


¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.

Figur 6. Begjæringer og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i primærnemnd 2005-2014



Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.

Figur 7. Begjæringer og utførte svangerskapsavbrot etter vedtak i klagenemnd 2005-2014



Årsaker til «Manglar» kan til dømes vera at kvinna har trekt begjæringa eller ikkje møtt i nemnd.


Tabell 10. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2005-2014

År	Total mengd	Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd, mengd ²							
		§ 2.3a	§ 2.3b	§ 2.3c	§§ 2.3a og 2.3b	§§ 2.3a og 2.3c	§§ 2.3b og 2.3c	Anna ¹	Ikkje oppgitt
2005	581	63	221	218	51	6	11	7	4
2006	631	42	297	211	50	5	9	15	2
2007	646	40	271	249	68	1	5	10	2
2008	635	49	276	244	45	4	9	7	1
2009	623	59	248	231	51	16	3	14	1
2010	672	51	298	245	36	11	12	17	2
2011	642	38	292	249	34	9	5	15	0
2012	657	36	275	276	34	9	7	13	7
2013	634	40	256	290	23	7	5	9	4
2014	546	37	201	249	41	3	7	7	1


¹ Indikasjon i abortlova § 2, tredje ledd bokstav d og bokstav e, og andre kombinasjonar av bokstavane som ikkje er vist i tabellen.

² Indikasjonane i abortlova § 2, tredje ledd

Figur 8. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter abortlova § 2, tredje ledd, 2005-2014



Figur 9. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova §2, tredje ledd bokstav c



Tabell 11. Utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde og indikasjon i abortlova

Svangerskaps- lengde	Total mengd	§ 2.3c		Andre enn § 2.3c		Ikkje oppgitt	
		Mengd	Prosent	Mengd	Prosent	Mengd	Prosent
Alle veker	546	261	100,0	284	100,0	1	100,0
Veke 12 ¹	3	3	1,1	0	0,0	0	0,0
Veke 13	121	33	12,6	88	31,0	0	0,0
Veke 14	94	29	11,1	65	22,9	0	0,0
Veke 15	69	19	7,3	50	17,6	0	0,0
Veke 16	43	19	7,3	23	8,1	1	100,0
Veke 17	39	22	8,4	17	6,0	0	0,0
Veke 18	42	28	10,7	14	4,9	0	0,0
Veke 19	60	50	19,2	10	3,5	0	0,0
Veke 20	38	30	11,5	8	2,8	0	0,0
Veke 21	26	19	7,3	7	2,5	0	0,0
Veke 22 og over	11	9	3,4	2	0,7	0	0,0

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 12. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2014, vedtak i primærnemnd

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i primærnemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppgett	
Alle veker	656	552	66	37	1	528
Veke 12 ¹	3	3	0	0	0	3
Veke 13	136	127	3	6	0	121
Veke 14	105	99	1	5	0	93
Veke 15	82	71	5	6	0	69
Veke 16	51	45	2	3	1	42
Veke 17	47	39	5	3	0	38
Veke 18	53	43	7	3	0	39
Veke 19	76	57	14	5	0	57
Veke 20	49	36	10	3	0	35
Veke 21	29	23	6	0	0	23
Veke 22 og over	25	9	13	3	0	8

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 13. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter svangerskapslengde i 2014, vedtak i klagenemnd

Svangerskaps- lengde	Nemnd- behandla begjæringar	Vedtak i klagenemnd				Utførte nemnd- behandla svangerskaps- avbrot
		Innvilga	Avslått	Manglar	Ikkje oppgett	
Alle veker	40	18	17	5	0	18
Veke 12 ¹	0	0	0	0	0	0
Veke 13	0	0	0	0	0	0
Veke 14	1	1	0	0	0	1
Veke 15	0	0	0	0	0	0
Veke 16	2	1	1	0	0	1
Veke 17	2	1	1	0	0	1
Veke 18	4	3	0	1	0	3
Veke 19	8	3	4	1	0	3
Veke 20	8	3	4	1	0	3
Veke 21	6	3	3	0	0	3
Veke 22 og over	9	3	4	2	0	3

¹ I grensetilfelle vil sjukehuset nemndbehandle ut frå vurdering av ultralydmål, sjå merknader til abortforskrifta § 1.

Tabell 14. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter kvinna sitt bustadsfylke i 2014

Fylke	Begjæringar		Utførte	
	Mengd ¹	Prosent	Mengd	Prosent
Heile landet	656	100,0	546	100,0
Østfold	40	6,1	35	6,4
Akershus	69	10,5	57	10,4
Oslo	136	20,7	111	20,3
Hedmark	18	2,7	13	2,4
Oppland	14	2,1	12	2,2
Buskerud	23	3,5	22	4,0
Vestfold	28	4,3	23	4,2
Telemark	27	4,1	23	4,2
Aust-Agder	11	1,7	10	1,8
Vest-Agder	17	2,6	16	2,9
Rogaland	52	7,9	39	7,1
Hordaland	58	8,8	49	9,0
Sogn og Fjordane	13	2,0	9	1,6
Møre og Romsdal	25	3,8	21	3,8
Sør-Trøndelag	50	7,6	41	7,5
Nord-Trøndelag	11	1,7	10	1,8
Nordland	31	4,7	25	4,6
Troms	15	2,3	14	2,6
Finnmark	14	2,1	13	2,4
Ukjend/Anna ²	4	0,6	3	0,5

¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong.

² Anna inkluderer m.a. Svalbard og kvinner busett utanfor Noreg.

Tabell 15. Nemndbehandla begjæringar om svangerskapsavbrot og utførte nemndbehandla svangerskapsavbrot etter utførande helseinstitusjon i 2014

Helseinstitusjon	Begjæringar		Utførte	
	Mengd ¹	Prosent	Mengd	Prosent
Alle institusjonar	656	100,0	546	100,0
Akershus universitetssykehus	58	8,8	44	8,1
Bærum sykehus	12	1,8	10	1,8
Drammen sykehus	20	3,0	16	2,9
Finmarkssykehuset, Klinikkk Hammerfest	7	1,1	7	1,3
Finmarkssykehuset, Klinikkk Kirkenes	6	0,9	5	0,9
Førde sentralsjukehus	7	1,1	5	0,9
Haugesund sjukehus	11	1,7	8	1,5
Haukeland universitetssjukehus	66	10,1	54	9,9
Helgelandssykehuset	2	0,3	2	0,4
Helse Møre og Romsdal, Kristiansund og Molde	5	0,8	2	0,4
Helse Møre og Romsdal, Volda og Ålesund	12	1,8	10	1,8
Helse Nord-Trøndelag	6	0,9	5	0,9
Nordlandssykehuset	20	3,0	15	2,7
Oslo universitetssykehus Rikshospitalet	88	13,4	80	14,7
Oslo universitetssykehus Ullevål	64	9,8	65	11,9
Ringerike sykehus	6	0,9	5	0,9
St. Olavs Hospital	75	11,4	61	11,2
Stavanger universitetssykehus	41	6,3	30	5,5
Sykehuset i Vestfold -Tønsberg	21	3,2	15	2,7
Sykehuset Innlandet Elverum	13	2,0	7	1,3
Sykehuset Innlandet Gjøvik	9	1,4	8	1,5
Sykehuset Innlandet Kongsvinger	3	0,5	3	0,5
Sykehuset Innlandet Lillehammer	4	0,6	4	0,7
Sykehuset Telemark	24	3,7	20	3,7
Sykehuset Østfold	33	5,0	27	4,9
Sørlandet sykehus Arendal	8	1,2	7	1,3
Sørlandet sykehus Kristiansand	16	2,4	14	2,6
Universitetssykehuset Nord-Norge	10	1,5	10	1,8
Universitetssykehuset Nord-Norge Harstad	4	0,6	3	0,5
Universitetssykehuset Nord-Norge Narvik	5	0,8	4	0,7

¹ Nemndbehandla begjæringar som går til klagenemnd vert telt berre ein gong. Sentral klagenemnd er lagt til Oslo universitetssykehus Ullevål.

APPENDIX A. Lover og forskrifter

Lov 1975-06-13 nr 50: Lov om svangerskapsavbrot ([abortlova](#))

FOR-2001-06-15-635: Forskrift om svangerskapsavbrot ([abortforskrifta](#)) med merknader

FOR-2007-12-14-1418: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i register over svangerskapsavbrot ([abortregisterforskrifta](#))

LOV 2001-05-18 nr 24: Lov om helseregister og behandling av helseopplysningar ([helseregisterlova](#))³

FOR-2001-12-21-1483: Forskrift om innsamling og handsaming av helseopplysningar i Medisinsk fødselsregister ([Medisinsk fødselsregisterforskrifta](#))

³ Denne lova var gjeldande til og med 31. desember 2014. Ny helseregisterlov (LOV 2014 06 20 nr 43) er gjeldande frå 1. januar 2015.

APPENDIX B. Om statistikken

Folkehelseinstituttet sin offentleg tilgjengelege abortstatistikk på grunnlag av aidentifiserte data frå Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret). Publisert med endelege tal mars 2015.

Namn på statistikken

Rapport om svangerskapsavbrot for 2014.

Dataskildring

Statistikk over svangerskapsavbrot i 2014 er basert på aidentifiserte opplysningar frå meldingar om begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå alle helseinstitusjonar (sjukehus) som utførte svangerskapsavbrot i Noreg i 2014. Det er meldeplikt for desse opplysningane til Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) etter abortregisterforskrifta § 1-7 punkt 1 til og med 6.

I 2014 mottok registeret 15 880 meldingar om begjæring om svangerskapsavbrot. Papirmelding vert berre brukt når ein grunna tekniske eller innholdsmessige årsaker ikkje får registrert meldinga elektronisk ved institusjonen. Dette vil sei at Abortregisteret frå 2013 årgangen i prinsippet endeleg har nådd målet om 100 % elektronisk innmelding.

Totalt 6 av dei 43 institusjonane nytta Folkehelseinstituttet si midlertidige innmeldingsløyning. Dette gjaldt institusjonar i Helse Sør-Øst.

Populasjon

Kvinner som har begjært/fått utført svangerskapsavbrot i Noreg i 2014. Talet på kvinner i dei respektive aldersgruppene er henta frå Statistisk sentralbyrå.

Eining

Talet på tilfeller per 1 000 kvinner i alderen 15-49 år og tilfeller per 1 000 kvinner i spesifisert aldersgruppe.

Formål

Samfunnet skal kunne få innsyn i omfanget av begjæringar om og utførte svangerskapsavbrot, og kunne følge med på utviklinga på området. Myndigheitene og helsetenesta skal få eit statistisk grunnlag for å setje i verk og evaluere målretta tiltak for å førebygge uynskte svangerskap.

Brukarar

Sentrale og lokale myndigheiter, helsetenesta, politikarar, forskarar/studentar, massemedia og publikum generelt.

Viktige omgrep

Sjølvbestemte svangerskapsavbrot vert forstått som svangerskapsavbrot utførte som følge av at kvinna har begjært avbrotet innan utgangen av 12. svangerskapsveke.

Nemndbehandla svangerskapsavbrot er svangerskapsavbrot utførte seinere enn innan utgangen av 12. svangerskapsveke, og der kvinna si begjæring er innvilga etter handsaming i abortnemnd (primærnemnd eller klagenemnd).

Meldepliktige helseinstitusjonar er dei institusjonane (sjukehusa) som utfører svangerskapsavbrot.

Datakjelde

Opplysningar frå papir- og elektroniske meldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

Lovgrunnlag

Innsamling, lagring, handsaming og utlevering av opplysningar i Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) er regulert i abortregisterforskrifta med heimel i helseregisterlova § 8 andre, fjerde og femte ledd, § 9 andre ledd, § 10, § 16 fjerde ledd, § 17 tredje ledd og § 34 fjerde ledd.

Innsamling

Papir- og elektroniske meldingar om handsaming av begjæring om og utførte svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar i Noreg.

Datakvalitet

Innmeldte data vert sjekka for å unngå manglande saksnummer og dobbeltregistreringar av meldingar, unngå manglande opplysningar og unngå manglande samsvar mellom meldte opplysningar.

Inndelingar

Tidsperiode: År

Geografi: Bustadsfylke og meldepliktige helseinstitusjonar.

Alder: 5-års grupper: 15-19, 20-24, 25-29, 30-34, 35-39, 40-44 og 45-49 år. I aldersgruppa 15-19 år, inngår òg tal for aldersgruppa under 15 år, og i aldersgruppa 45-49 år inngår òg tal for aldersgruppa over 49 år. Desse tala er så små at dei ikkje påvirker ratene i noko betydeleg grad.

Anna: Svangerskapslengda i veker inndelt i grupper, lovgrunnlag (indikasjon i abortlova § 2 tredje ledd bokstav a, b, c, d, e og kombinasjonar).

Samanlikningsgrunnlag over tid og stad

Sidan 2006 har Folkehelseinstituttet ved Register over svangerskapsavbrot (Abortregisteret) mottatt meldingane om begjæring om og utføring av svangerskapsavbrot frå meldepliktige helseinstitusjonar (alle helseinstitusjonar som utfører svangerskapsavbrot), handsama opplysningane og sett fram statistikk over svangerskapsavbrot. I perioden 1979-2005 vart dette arbeidet utført ved Statistisk sentralbyrå.

Oppdateringsfrekvens

Årleg.

Publiseringsstad

På nettstaden til Folkehelseinstituttet, www.fhi.no

Publikasjonar

Rapport 2005 om nemndbehandlete svangerskapsavbrudd

[Statistikk 2006](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2007](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2008](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2009](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2010](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2011](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2012](#)

[Rapport om svangerskapsavbrudd 2013](#)

www.fhi.no

Utgitt av Nasjonalt folkehelseinstitutt
Mars 2015
Postboks 4404 Nydalen
NO-0403 Oslo
Telefon: 21 07 70 00
Rapporten kan lastast ned gratis frå
Folkehelseinstituttet sine nettsider www.fhi.no